



# DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1212-166

2. juli 2018

## Vedtak om grensejustering mellom kommunane Sandøy og Aukra

Eg viser til brev av 23. mars frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal med fylkesmannens utgreiing og tilråding om grensejustering mellom kommunane Sandøy og Aukra, for øyane Ona, Sandøya og Orten.

### Bakgrunn

8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av Sandøy, Ålesund, Skodje, Ørskog og Haram kommunar. 28. september 2017 gav departementet fylkesmannen i oppdrag å greie ut grensejustering mellom kommunane Sandøy og Aukra, for øyane Ona, Sandøya og Orten. Oppdraget blei gitt etter initiativ frå innbyggjarar i Sandøy, som fremja søknaden til fylkesmannen i august 2016. Søknaden var underskriven av 56 innbyggjarar på øyane.

I etterkant av søknaden blei det også fremma eit initiativ om at utgreiinga skulle omfatte dei tre øyane Gåsøya, Seterøya og Lyngværet, der det ikkje bur innbyggjarar. Disse øyane er omtalt i fylkesmannens utgreiing. Departementet vil i det følgjande omtale dei tre øyane med fastbuande innbyggjarar, ettersom ei grensejustering først og fremst vil ha konsekvensar for desse.

Det er 67 innbyggjarar på dei tre øyane, noko som utgjer 5 prosent av innbyggartalet i dagens Sandøy. Det er 36 innbyggjarar på Sandøya, 20 på Ona og 11 på Orten. Med tilhøyrande havområder utgjer dei tre øyane om lag 40 prosent av det samla arealet i dagens Sandøy. Det er ingen kommunale institusjonar på øyane, og innbyggjarane mottek det aller meste av tenester frå Sandøy kommune på Harøya. Det er til dels store skilnader i reisetid frå dei ulike øyane til kommunale tenester i Sandøy og Aukra. Ona har lengst reisetid til alle

stader, men både Ona og Sandøya har vesentleg kortare veg til tenester i Sandøy kommune enn i Aukra. For Orten er det kortast veg til Aukra.

Ei spørjeundersøking blant innbyggjarane viser at 85 prosent ønsker seg til Aukra, medan 13 prosent vil bli i Sandøy. 2 prosent veit ikkje.

### **Fråsegner frå kommunane**

Kommunestyret i Sandøy fatta 1. mars følgjande vedtak:

1. *Sandøy kommunestyre går i mot at øyane Sandøya, Ona/Husøy, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya skal bli ein del av Aukra kommune. Sandøy kommunestyre går inn for at heile Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund.*
2. *Sandøy kommunestyre meiner faktagrunnlaget og intensjonsavtalen viser at det vil vere ein styrke for alle øyane i Sandøy kommune at heile kommunen blir ein del av nye Ålesund kommune, dette vil også vere i tråd med sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.*
3. *Kommunestyret understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etablering av nye Ålesund kommune, og få store konsekvensar for drifta i noverande Sandøy kommune.*
4. *Ulike kartalternativ og VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING skal vere ein del av uttalen til fylkesmannen. Kommunestyret ber administrasjonen legge ved eit nytt kart alternativt 5 som viser eksisterande kommunegrense. Kommunestyret ber administrasjonen legge til følgjande setning etter fjerde avsnitt i VEDLEGG TIL SAK 2018/13 GRENSEJUSTERING. Kommunestyret presiserer at det ikkje er ønskelig med ei grensejustering, men etter ønske fra fylkesmannen har administrasjonen utarbeidd alternativ til kommunegrense.*

Fellesnemnda for nye Ålesund fatta 19. februar følgjande vedtak:

1. *Fellesnemnda i nye Ålesund ønsker at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya, saman med resten av dagens Sandøy kommune, skal vere ein del av nye Ålesund kommune. Dette er i tråd med intensjonsavtalen mellom kommunane i nye Ålesund og sentrale mål i inndelingslova og kommunereforma.*
2. *Fellesnemnda understrekar at ei grensejustering vil vere ei stor tilleggsoppgåve i prosjektorganisasjonen, noko som kan medføre eit risikoelement i framdrifta med etablering av nye Ålesund kommune.*

Aukra kommunestyre fatta 13. mars følgjande vedtak:

1. *Aukra kommunestyre er positiv til at øyane Sandøya, Ona, Orta, Lyngværet, Seterøya og Gåsøya blir ein del av Aukra kommune og ønskjer innbyggjarane velkomne til Aukra kommune.*
2. *Aukra kommunestyre ser ei grensejustering som funksjonell og geografisk naturleg, samt i tråd med eit klårt og stort ønskje frå innbyggjarane på desse øyane.*

Møre og Romsdal fylkeskommune ved Fylkesutvalet fatta 26. februar 2018 vedtak der mellom anna følgjande går fram: *Fylkesutvalet i Møre og Romsdal ser ikkje at grensejusteringane fylkesmannen har til behandling, med unntak for Gjemnes og Norddal,*

*har regionale verknader av eit slikt omfang at det er naturleg for fylkeskommunen å gje uttale i den enkelte sak.*

### **Fylkesmannens vurdering**

Fylkesmannen tilrår at departementet vedtar ei grensejustering der dei tre øyane blir overført frå Sandøy til Aukra kommune. Fylkesmannen legg avgjerande vekt på at eit stort fleirtal av innbyggjarane ønskjer å høyre til Aukra kommune og Molde-regionen. Søknaden om grensejustering er grunngitt ut i frå identitet, tilhøyrsløse og at søkarane ser Aukra og Molde som sin kvardagsregion. Resultatet frå innbyggjarundersøkinga støtter opp om søknaden.

### **Departementets vurdering**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), med tilhøyrande rundskriv. Det formelle grunnlaget for utgreiinga til fylkesmannen er i tråd med reglane og retningslinjene som går fram av desse.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vurdert fylkesmannens tilråding og halde møte med kommunane. Departementet meiner fylkesmannen har levert ei grundig og god utgreiing, som i tilstrekkeleg grad opplyser saka slik at den kan avgjerast.

Innbyggjarundersøkinga viser at eit klart fleirtall ønsker grensejusteringa. Eit så eintydig ønske blant innbyggjarane må etter departementets vurdering tilleggast vekt. Departementet meiner likevel at dette aleine ikkje kan avgjere utfallet av saken, dersom andre moment talar mot ei grensejustering.

Innbyggjarane utgjer ein liten del av dagens Sandøy kommune, og ein enda mindre del av nye Ålesund kommune. Departementet meiner at konsekvensane for nye Ålesund kommune av ei grensejustering derfor vil være små. Departementet har likevel forståing for at ei grensejustering vil være ei belastning for Sandøy kommune i den pågåande samanslåingsprosessen til nye Ålesund kommune.

I søknaden frå innbyggjarane og i fylkesmannens utgreiing blir det vist til tilknytning til og bruk av Molde som by, framfor Ålesund. Dette gjeld m.a. for tenester, handel og bruk av flyplass. Departementet meiner dette seier noko om kva som er kvardagsregionen for innbyggjarane, men departementet meiner også at det i vurderinga av ei grensejustering må leggast klart mest vekt på tenester som er kommunale. I den samanheng er det også eit poeng at grensejusteringa ikkje dreier seg om overføring til Molde kommune, men til Aukra.

Departementet meiner grensejusteringar først og fremst skal vere eit reiskap for å tilpasse kommunegrenser til eksisterande samhandlingsmønstre og innbyggjaranes bruk av kommunale tenester. Det ligg i dette at ei kommunegrense må gi nokre utfordringar for innbyggjarane som ei grensejustering vil kunne løyse, til dømes kortare reiseveg eller demokratisk påverknad på tenestetilbodet dei nyttar, for at ei grensejustering skal bli vedtatt.

Innbyggjarane mottok i dag det aller meste av tenester frå Sandøy kommune. Nye Ålesund kommune har lagt opp til å behalde tenestetilbod og -stader i dagens Sandøy kommune. Ei vurdering av mogleg avstand og reisetid må derfor ta utgangspunkt i dette. Etter departementets vurdering er øyane i dag i liten grad knytt til Aukra kommune gjennom det kommunale tenestetilbodet, og i tilsvarande stor grad knytt til Sandøy kommune. Med unntak av for Orten er det ikkje synleggjort at grensejusteringa vil føre til forenklingar i tilgangen på kommunale tenester for innbyggjarane.

Statens kartverk har i sin høyringsuttale peikt på at den geografisk beste nye grensa kan trekkast ved å la Orten gå til Aukra, medan dei to andre øyane blir verande i Sandøy. Dette skuldast at det er her avstanden mellom øyane er størst og havet djupast. Etter departementets vurdering synleggjer ikkje fylkesmannens utgreiing at dei tre øyane har ein felles identitet eller på anna vis utgjør ein eining som skil dei frå resten av Sandøy kommune. Dette går heller ikkje fram utgreiinga til kommunen frå 2016 om ei mogeleg deling av Sandøy kommune. Departementet kan derfor ikkje sjå at det er avgjerande at dei tre øyane tilhøyrer same kommune.

Etter ei heilskapleg vurdering meiner departementet at argumenta som skal til for å vedta ei grensejustering, berre er til stades for Orten. Departementet vurderer at ei slik grensejustering også vil vere enklare å handtere for Sandøy kommune i det pågåande samanslåingsarbeidet. Departementet viser til at Sandøy kommune i dialogen med departementet etter fylkesmannens tilråding har uttrykt aksept for ei slik løysing.

### **Vedtak**

Med bakgrunn i tilrådinga til fylkesmannen og med heimel i § 6 i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), vedtar Kommunal- og moderniseringsdepartementet at kommunegrensa mellom Sandøy og Aukra blir justert slik at øya Orten i dagens Sandøy blir ein del av Aukra frå 1. januar 2020. Justeringa inkluderer også øya Lyngværet. Den nye grensa skal følgje forslag 4 frå Statens kartverk til den treffer dagens kommunegrense ved skjeret Krabben, og deretter følgje dagens grense. Statens kartverk, i samråd med dei to kommunane, avklarar det tekniske grenseforløpet.

Det er ikkje klagerett på endeleg vedtak om grensejustering.


### **Konsekvensar av vedtak**

Reglane om økonomisk oppgjer mellom kommunane er å finne i inndelingslova kap. V, jf. Rundskriv H-10/15.

Dette vedtaket går i kopi til Skattedirektoratet, Statens Kartverk, Statistisk sentralbyrå, samt

Justis- og beredskapsdepartementet og Kulturdepartementet for oppfølging og informasjon til underliggende etatar (t.d. Politidirektoratet og bispedøma).

Med helsing



Monica Mæland

Kopi

Haram kommune  
Justis- og beredskapsdepartementet  
Kartverket  
Kulturdepartementet  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Skattedirektoratet  
Skodje kommune  
Statistisk sentralbyrå  
Ørskog kommune  
Ålesund kommune  
Justis- og beredskapsdepartementet  
Kulturdepartementet

## Adresseliste

Aukra kommune	Kommunehuset	6480	AUKRA
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Sandøy kommune	Harneshaug	6487	HARØY